

Velkommen som foreldre og føresett i Trodlahaugen barnehage

-Ein del av den gode barndommen-



Styrrar: Sigfrid Leifsen

Telefon: 40216962

Epost: sigfrid.leifsen@stord.kommune.no

Telefon barnehagen:

53 45 43 80 - Kontor styrrar

910 07 364 – Avdeling for store barn-gul gruppe

948 06 433 – Avdeling for store barn-grøn gruppe

469 50 937 - Torget/raud gruppe

911 22 564 - Avdeling for små barn-lilla og blå gruppe

Trodlahaugen
barnehage

Til foreldre/føresett

Opningstider.

Barnehagen si åpningstid er kl. 06.30- 16.15. Ber om at du som foreldre/føresette respektera opningstida vår. Barnet skal vera hente innan kl 16.15.

Bringing og henting i barnehagen.

Kvar morgon når du og barnet ditt kjem i barnehagen vert du møtt på torget, av ein vaksen frå kvar avdeling. Ho/han tek imot dykk, og registrere barnet ditt i IST Direkte.

Barna som går på småbarnsavdeling vert fulgt inn på avdeling av ein kjent vaksen.

Leverer du etter kl 09.00, skal du ta kontakt med ein tilsett som registrer barnet ditt. Gå aldri frå barnehagen uten at du har vore i kontakt med ein av dei tilsette.

Du skal ta avskjed med barnet ditt på torget.

Gi alltid melding til barnehagen om barnet ditt skal bli henta av andre enn foreldre/føresette. Dette gjeld og om eldre søsken skal hente. Søsken under 18 år må ha skriftlig avtale for å hente.

Når du skal henta barnet ditt, og barna er inne, skal du gå inn på avdeling og hente barnet. Sjå alltid til at du har hatt kontakt med personale før du tek med deg barnet ditt heim, slik at me får registrert at barnet er henta.

Gi alltid melding om barnet ditt av ulike grunnar ikkje kjem i barnehagen. Om me ikkje har fått beskjed kvifor barnet er borte frå barnehagen, vil me ringe heim 3. fraværsdagen.

Porten inn til barnehagen.

Det er foreldre/føresette som skal opne og lukke porten inn til barnehagen, sjølv om du veit at barnet klarar dette sjølv.

La aldri barnet få springe ut porten før deg. ([sjå vedtekter pkt 15](#))

Lat alltid att porten når du går inn og ut av barnehageområdet, sjølv om det ikkje er barn på uteområdet.



Informasjon.

Inne på Stord kommune si nettside finn du Trodlahaugen barnehage. På Trodlaugaen barnehage finn du informasjon som kan vera nyttig for deg å lesa.

Du vert invitert inn til to foreldremøter i året. Eit på hausten, og eit temamøte på våren.

Du får tilbod om to foreldresamtalar i året. Ein på hausten og ein på våren. Ynskjer du oftare, tek du kontakt med pedagogen som har ansvar for barnet ditt.

På torget heng det tavler for kvar gruppe. På dei står det «dagen i dag», og der vil personalet skriva kort kva gruppa har gjort på kvar dag.

Ulike planar og månadsbrev frå gruppene, vert lagt ut på IST Direkte, og sendt på epost til foreldre.

Dersom du opplev å ikkje få den informasjonen du ynskjer, tek du kontakt med personalet og spør. Informasjonsflyt er både personalet og foreldre/føresette sitt ansvar.

Tryggleik.

Barnet skal ikkje ta med seg tyggegummi, drops/pastiller m.m. i barnehagen. Dette kan vera farlig i høve kvelning av barn i lek. Det fører og til uro og utestengning mellom barn i leiken.

Barnet har ikkje lov til å ha med seg leiker frå heimen, til barnehagen. Grunn til dette er at det ofte er grobunn for usemje, utestenging og uro mellom barna. Dette gjeld sjølvsagt ikkje smokk, kosefiller/kosedyr som barnet treng når det kviler i barnehagen.

Pass på at det ikkje er snorer i kle eller utstyr som barnet har på seg eller med seg i barnehagen. Dette kan vera farlig i høve kvelning.

Ferie.

Barnet må ha registrert fire veker ferie i inneverande bruksår, dersom de skal kunne nytte dykk av sommarbarnehagen. Barnehagen skal ha melding om barnet sin sommarferie innan 01.05. i inneverande år. Sjukdom vert ikkje rekna som ferie, ([vedtekter pkt.6](#)).



Velkommen som ny i barnehagen vår.

Det å byrje som ny i barnehagen kan opplevast svært ulikt frå barn til barn. Nokon finn seg fort til rette og vert fort trygge, medan andre treng litt lenger tid.

Når barnet ditt byrja i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet får oppleve tilhøyrse og føler at barnehagen er ein trygg plass der det kan leika, utforska og læra. Barnehagen skal tilpassa rutinar og organisera tida slik at barnet får tid til å bli kjent, etablera relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Me observera barnet , og ser kven av dei vaksen på avdelingen og gruppa barnet ditt trekker mest til. Denne vaksne vil så bli den trygge basen til barnet den første tida.

Slik gjer me det den første tida til barnet ditt i barnehagen:

Vårt mål den første tida barnet ditt er i barnehagen, er å trygga det, gjera det kjend i barnehagen og utveksla informasjon til beste for barnet.

Mai: Foreldre vert invitert til temamøte saman med alle tilsette og foreldre i barnehagen.

Juni: Foreldremøte for foreldre til barn som skal byrje i barnehagen i august.

Juni/ 2 første vekene i august: Besøksdag for barn og foreldre, med samtale med pedagog som skal ha ansvaret for barnet.

August: Besøksdag for barn og foreldre.

Den fyrste veka etter oppstart nytt bruksår i august.

1.dag: Barnet er på eit kortare besøk i barnehagen og foreldra er med heile tida.

2.dag: Barnet har ein litt lengre dag og foreldra er med heile tida. Foreldre deltek i dei aktivitetar barnet er med på.

3.dag: Barnet har ein lengre dag og foreldra trekker seg ut ein lengre periode på dagen.

Opplev du som foreldre at barnet dykkar treng lengre tid , eller ynskjer du å bruke fleire dagar på tilvenning, så gjer du sjølvst det. Det viktigaste for oss er at barnet ditt er trygt, og du kjenner deg trygg på å levere han/ho i barnehagen. [Sjå vedtekter pkt.11](#)

***Sei alltid ifrå til barnet når du går.
Ein tydeleg, kort og kjærleg avskjed er godt for barnet.***





Klede og garderoben



Høvelege klede.

For at dagen i barnehagen skal vera så god som mogeleg for barnet, er det viktig at det har reine, heile og høvelege klede, i samsvar med vær og årstid ☺.

Det er og viktig at kleda ikkje er for små eller alt for store for barnet.

Me er ute i allslags vær.

Sjekk jamleg om barnet dykkar har nok av ulike typar bytteklede. Nokre klesplagg ser me kan gå tomt raskare enn andre, - fyll på. Det er ikkje farleg om barnet vert litt våt ute, når det raskt vert tørt og varmt inne. Byttekle legg du i korga på hylla til barnet i garderoben.

Ta heim våte og skitne klede.

Det er ubehageleg for barnet å ta på seg kle som er veldig skitne og/eller fuktige. Syt for at regnkle, og dresser får høve til å tørke = Vreng innsida ut, og vask dresser og regnkle jamleg.

Regnklede og utedress skal heim kvar fredag. Då får du og anledning til å sjekke om dei er heile, og om dei eventuelt treng ein vask.

Merking av kle, sko matboksar osv.

I barnehagen går det mange barn som har like klede. Det er viktig at desse vert merka, slik at me raskt kan finne den rette eigaren.

Foreldre/Føresette har ansvar for å halda orden i garderobehylla til barnet sitt.

Leiker, kosedyr o.a.

Nye eller små barn må gjerne ha med seg eit kosedyr e.l. som skapar ro og gjer det godt å vera i barnehagen. Andre leiker kan barna leike med heime. Barnehagen har eit stort utval av gode leikemateriell som er tilgjengeleg for alle barna.

Soving i barnehagen.

Barn som skal sova i vogn, må ha med seg vogn og vognutstyr heimanfrå. Barnehagen har madrasser og utstyr til dei barna som skal sova inne.

Barna som søv i vogn, har vognavakt, og barn som søv inne har sovevakt.

Kviling

Barnehagen har kvilestund kvar dag rett etter lunsj. Då kviler alle barna på grøn, gul og raud gruppa på ulike rom i barnehagen. Barnet ditt må ha med seg ei lita pute, max 30X30 cm, som det skal bruka i kvilestunda. Det kan og ha med seg kosedyr til å kvile med, dersom det ynskjer det. Kosedyret må ligge på hylla når barnet ikkje kviler.

Foreldreråd og samarbeidsutval

«**Foreldreråd:** Føresette til barn i barnehagen er medlemmer i foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremja felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom foreldregrappa og barnehagen skapar eit godt miljø. Ved røysting vert det gjeve ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld...Styrar kallar inn til det første møtet som er i august/september...etter avtale.» [Sjå vedtekter pkt. 3](#)

Samarbeidsutvalet (SU): To representantar frå føresette og frå tilsette, og ein frå eigar. Det skal vera vara for alle representantar. Styrar har ansvar for innkalling og skriv referat. Referat frå møta skal sendast til komité for Oppvekst og utdanning til orientering.

Val: Det skal veljast representantar årleg.

Alle foreldre innstiller kandidatar og valet føregår ved første foreldrerådsmøte på hausten. SU skal godkjenne barnehagen sin årsplan innan utgangen av september.

Medbestemming:

- Medbestemming handlar om fellessaker som foreldra ønskjer å løfte opp, eller legge fram for samarbeidsutvalet.
- Foreldrerepresentantar i samarbeidsutvalet (SU) syt for at foreldra sitt synspunkt i ulike saker som vert fremja og tillagt vekt.

Medverknad:

- Alle har rett til å legge fram sitt synspunkt og til å bli høyrte.
- Jo meir me veit, jo betre avgjersler kan SU gjera
- Demokratiske prosesser vil alltid ha eit element av kompromiss, altså gi og ta til fellesskapets beste.
- Fleirtalet må vega tyngst.
- Avgjersler som vert teke av barnehagen sitt samarbeidsutval, må i tillegg ta omsyn til barnehagen sitt mandat, gjeve i [lov om barnehagar](#) og [rammeplan](#), og dei rammer/ressursar som barnehagen til ein kvar tid har.



Individuelle innspel og idear: Er det alltid rom for og det sett me pris på. Det er viktig å vera klar over at alt arbeid som gjeld fellesskapet må gjennomførast i prosessar som kan ta tid. Det er mange omsyn som må takast og styringsdokument og prosedyrar som må følgjast = Innspel, vurdering, slutning, tiltak, gjennomføring og evaluering.

Brukerundersøking:

For å oppretthalda og utvikla ynskt kvalitet i barnehagen, gjennomfører kommunen kvar haust, brukarundersøking i alle dei kommunale barnehagane i Stord kommune.

Attendemeldingane i brukarundersøkinga hjelper oss til å identifisera forbettringsområde, utarbeide tiltak og plan for gjennomføring (Handlingsplan og Årsplan)

Undersøkinga er utarbeid av [Udir](#) og samanlikningsgrunnlaget gjeld både internt i kommunen vår, og på landsbasis.

Trafikktryggleik.

Pass på at barnet ditt ikkje spring ut på parkeringsplassen aleine i bringe og hentedida.

Slå av motoren på bilen din medan du er inne og leverer eller hentar barnet i barnehagen.

Dette gjeld og på vinterstid.



Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Mål: Ein samarbeidsmodell som skal sikra ein god og tidleg samordna innsats i høve til barn og unge i Stord kommune.

Rettleiar for denne modellen finn du ved å gå inn på nettsida til [Stord kommune](#).

Helse og sjukdom

Smitte.

Den viktigaste smittekjelda er hendene våre.

[Gode handvaskrutinar](#) fjernar smittestoff.

Barna skal ha nyvaska hender når dei kjem i barnehagen.

Barn og vaksne vaskar hender: Når dei kjem inn etter uteleik. Før og etter måltid og etter toalettbesøk. Ved bleieskrift, tørking av oppkast, snør og liknande, vert det nytta hanskar og eingongsklutar.

Skjema til underteikning.

Ved oppstart i barnehagen vil du få utdelt eit skjema som skal fyllast ut og leverast inn til styrar i barnehagen. Dette skjema gir barnehagen viktig informasjon i høve barnet ditt.

Foreldre har ansvar for at all informasjon som vert gjeve på dette skjema, til ei kvar tid er oppdatert, [Sjå vedtekte pkt. 13.](#)

Sjuke barn skal ikkje vera i barnehagen.

Erfaringsmessig veit me at det er augekatarr/betennelse og mage/tarmsjukdom som er dei sjukdommane som skapar størst usikkerhet blant foreldra i høve til å kunne sende barnet i barnehagen.

Utdrag frå [«Når sjuke barn bør holdes hjemme.»](#):

«... Ved smittsom sykdom vil barnets allmenntilstand ofte gjøre det nødvendig at barnet bør være hjemme. Vurdering av barnets allmenntilstand må alltid baseres på foreldres skjønn. Som hovedregel bør barnet være friskt nok til å kunne delta i normale aktiviteter i barnehagen, og barnet bør være feberfri.

*... **Diaré med eller uten brekninger.** Barn med diaré kan vende tilbake til barnehagen 48 timar etter at de har blitt symptomfrie. Dette gjelder også bleiebarn. Barn som til vanlig har en tendens til løs avføring trenger ikke holdes borte fra barnehagen. Det må være foreldrene som avgjør om barnet har en unormal diarétilstand.*

*... **Øyekatarr (konjunktivitt)** Det er ikke grunnlag for å anbefale at barnehagebarn med mild til moderat øyekatarr holdes hjemme... Ved kraftig øyekatarr vil det vanligvis være behov for legekontakt, og barnets allmenntilstand vil også i stor grad styre behovet for å være hjemme fra barnehagen... Dersom behandling igangsettes kan barnet gå i barnehage dagen etter igangsatt behandling.*

Medisinering i barnehagen.

Vert det vurdert som naudsynt av lege at eit barn skal medisinerast i barnehagen, fyljer me Stord kommune sine retningslinjer og prosedyrer for medisinering av barn i barnehage/skule og SFO

Foreldre må fylje ut skjema før barnehagen kan medisinerer barn i barnehagen. Dette skjema får du i barnehagen.

Vert barnet sjuk i barnehagen kontaktar me føresette.

Me har låg terskel for å ta kontakt med foreldre, for å drøfte barnet sine symptom/plager. Ut frå informasjonen avgjer me ilag om barnet bør hentast. Hugs allmenntilstanden til barnet er noko av det viktigaste å bedømme etter om eit barn kan vera i barnehagen eller ikkje. Det å vera i barnehagen for eit barn som er utilpass og slakk, er ein større belastning for barnet enn det er å vera heime.



Mat i barnehagen.

Barnehagen tilbyr frukost, lunsj, mellommåltid, melk og frukt til kostpris som per d.d. er kr 300,-per måned.

Barnehagen følger [Helsedirektoratet si tilråding i høve små barn og kosthald.](#)

Dei som vil reservera seg frå tilbodet, må ta med matpakkar og frukt heimanfrå. Det er ikkje mogleg å reservera seg frå berre eit måltid per dag, til dømes frukost.



Informasjon og dokumentasjon

Når barnet starta i barnehagen vil det få sin eigen perm som skal vera i barnehagen. I denne permen vert det lagt inn dokumentasjon, bilde og tekst frå kvardagen til barnet. Permen får barnet med seg heim når det slutta i barnehagen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet vil du og finne på infotavlene i barnehagen, på nettsida og [facebookside](#) til barnehagen, og i månadsbrev for kvar gruppe, som vert lagt ut på IST Direkte og sendt på e-post.

All felles informasjon frå styrar vert sent ut på e-post. Pass på at det alltid ligg rett personlige opplysningar på [IST](#).

Nyttig informasjon.

På Stord kommune sine nettsider finn du vedtekter for dei kommunale barnehagane og årsplan til barnehagen. Årsplan for nytt barnehageår vert godgjent i SU og lagt ut på nettsida i september.

På nettsida vil du og finna skjema for søknad om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen.

[Stord kommune](#)



VELKOMMEN TIL OSS